

Notat

Til: Hovudutval for næring og kultur

Frå: Fylkesdirektøren

Innkomne høyringar innan viltforvaltning og dyrevelferd

I løpet av sommaren er det komne inn nokre høyringsbrev som omfattar viltforvaltning og dyrevelferd. Fylkesdirektøren gjer i dette notat ei oppsummering av desse med påfølgjande vurdering.

Høyringsbrev– Forslag til endring av forskrift om varsel og melding om sjukdom hos dyr Mattilsynet, høyringsfrist 25. september 2018.

Det vert føreslege å innføre meldings- og varslingsplikt ved påvising av visse typar av antibiotikaresistente bakteriar hos dyr. Meldings- og varslingsplikten retter seg mot veterinærar og laboratorium.

Mattilsynet skriv m.a.:

«Antibiotikaresistens er et økende problem i verden og utgjør en alvorlig trussel mot global helse. Verdens helseorganisasjon (WHO) slo i 2012 fast at dette er en av de største helsetrusslene verden står overfor.

Selv om norsk husdyrhold er i en svært god situasjon, er alvorlige former for antibiotikaresistente bakterier påvist hos norske produksjonsdyr som fjørfe og svin. Vi ser at antibiotikaresistente bakterier spres raskere over landegrensene, blant annet på grunn av økt reisevirksomhet. For å forstå hvordan resistens spres seg i ulike miljøer, er det viktig å kartlegge tilstedeværelsen av resistens hos dyr.»

Høyringsbrev: Forslag til endring i forskrift om soner ved påvising av CWD Mattilsynet, høyringsfrist 13. september.

Arbeidet for å hindre vidare spreining av CWD held fram. Som ein konsekvens av auka informasjon og kunnskap om den samla situasjonen vert det føreslege nokre endringar i forskrifta om soner ved påvising av CWD.

Mattilsynet skriv:

«Endringene vil innebære:

- Endring av sonegrensen for Nordfjella-sonen i Ulvik kommune (Oksenhalvøya unntas)
- Innføring av et forbud i Nordfjella-sonen mot å innhente ville hjortedyr fra sonen til anlegg for hjortedyr i fangenskap i sonen

- *Innføring av påbud om å oppgi beliggenhet eller GPS-koordinater for slikkesteinplasser til Mattilsynet for de som har eller i løpet av de fem siste årene har hatt slikkestein stående ute i Nordfjella-sonen*
- *Innføring av regel om at Mattilsynet uten grunneiers samtykke kan gjøre nødvendige tiltak for å redusere smitterisiko fra områder i Nordfjella-sonen der det står eller har stått slikkestein de siste fem årene»*

Høyring: Forslag om endring av TSE-forskrifts grunna reduksjon av SRM-lista for småfe Mattilsynet, Høyringsfrist 3. oktober.

Mattilsynet skriv:

«Mattilsynet gjennomfører en forordning som medfører endringer i bestemmelsene om prionsykdommer (TSE-forskriften). Endringene gjør at lista over hvilke vevstyper (SRM) som må fjernes fra sau og geit for å unngå smitte med kugalskap (BSE) reduseres til kun å omfatte skalle og ryggmarg.

Tidligere var skalle, ryggmarg, ileum og milt fra sau og geit definert som spesifikt risikomateriale (SRM). Det vil si vev som måtte fjernes fra slakteskrotten og destrueres for å unngå smitte med kugalskap (BSE). Lista over SRM fra sau og geit reduseres til kun å omfatte skalle og ryggmarg fra dyr over 12 måneder.

Bakgrunnen for endringen er en forbedret sykdomssituasjon for BSE i Europa. I tillegg er det svært liten risiko for at sau og geit kan smittes med BSE.»

Det er råd å lese meir om endringa her:

https://www.mattilsynet.no/dyr_og_dyrehold/dyrehelse/dyresykdommer/bse/listen_over_hvilke_vev_styper_srm_som_maa_fjernes_fra_sau_og_geit_for_aa_unngaa_smitte_med_kugalskap_bse_i_slakt_et_reduseres.31986

Landbruks- og matdepartementet har fastsatt endringar i CWD-soneforskrifta.

På grunn av smittefare av CWD (Skrantesjuka) har Mattilsynet stengd eldre slikkesteinplasser i Nordfjella-sona. Unnataket frå forskrifta er mellombels og ut beitesesongen 2018, og ikkje lengre enn til 1. oktober 2018. Endringa vart sett i verk 6. juli 2018.

Det er råd å lese meir om endringa her:

https://www.mattilsynet.no/dyr_og_dyrehold/dyrehelse/dyresykdommer/skrantesjuka_cwd/_skran_tesjuka_cwd_mulighet_for_flytting_av_saltstein_i_nordfjella.31688

Vurdering:

Fylkesdirektøren finn det ikkje aktuelt å sende innspel til desse høyringane, men legg dei fram til orientering.